



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<



BYGLANDSNYTT



Med hjarta i Bygland

**BYGLAND KOMMUNE ØNSKJER EIN GOD 17. MAI!** 

GAVE DRYSS FOR BUA OG BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL

LES MEIR - S. 8 <<<

Dytt-initiativet i Bygland er meir enn i mål. 180 deltakarar har gått til saman 109 000 000 skritt og 82 209 km. Det er utruleg imponerende.

KILDEN TIL BYGLAND 21. MAI



MERKETIDER MAI 2025:

- 8.mai: 80 år sidan frigjering i 1945 - markering ved Knutsbakk på Bygland (s. 9)
- 17.mai: Grunnlovsdagen! Festprogram for Bygland (s. 9)
- Søknadsfrist 15. mai: TT-kort (s. 4) og plass i Kulturskulen (s. 6)

>>> LES MEIR - S. 11

Av og til er ting for godt til å vere sant....men ikkje denne gonga! Totalt går omkring 700 000 kroner til BUA Bygland og Frivilligsentralen!!

DYTT -KONKURRANSE I BYGLAND: TAKK FOR TUREN!

>>> LES MEIR - S. 8

Kilden teater kjem med *Den standhafte tinnsoldaten* og *Fra en annen virkelighet* til Bygland barnehage og Byglandsheimen



ORDFØRAREN SI SIDE

HELING FRÅ ORDFØRAREN

ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR GRANHEIM

Kjære alle saman!



Mai er alltid spesiell. Det er vår i lufta, det blir grønt i bygdene våre, og vi feirar og markerer arbeidardagen 1.mai, frigjeringsdagen 8.mai og grunnlovsdagen 17.mai. Og i år er det 80 år sidan frigjeringsdagen i 1945.

Det var utan tvil ei svært spesiell tid, mai 1945. Kongefamilien kom heim att, vi var fri etter fem år med undertrykking og frykt der menneskerettane ikkje var gyldige. Krigsfangane kom heim etter forferdelege år i fangeleir. For mange av dei tok det fleire år før dei klarte å fortelje om kva dei hadde opplevd. Ein del av dei kom aldri heim att. Til dømes min grandonkel Alfred Skaiå, født i 1920 på Hornnes. Han døydd i Sachsenhausen berre 24 år gammal, og døydd etter berre litt over eitt år i fangenskap.

Årsaka til at han blei teken var at han var aktiv i motstandsgruppa «Lumber-gruppa», og han var mellom anna med å dele ut ei ulovleg avis som blei kalla for «Frihet». Ytringsfridomen var ein av menneskerettane som ikkje var gyldig under krigen, og braut du den kunne du risikere sjølv livet. Alfred kom aldri heim, og det er altså 81 år sidan han døydd. Men saknet etter han er der framleis hjå familien og dei som hugsar han. Og slik er det for mange. Det er viktig å markere innsatsen dei la ned for Noreg i krigsåra, takke dei for innsatsen, og det er viktig å ikkje gløyme.

Å kjenne til historia er viktig. Eit kjent uttrykk seier at «den som ikkje hugsar historia, er dømt til å gjentake den». Dette uttrykket kan ein til dømes finne på ein murvegg i konsentrasjonsleiren Auschwitz. Difor er eg stolt av at 10.klasse på Bygland skule kvart år reiser på tur til Polen og Tyskland for å lære om menneskerettane, kva som skjedde og kva som kan skje dersom menneskerettane blir brotne eller degraderte. Det er ein livsviktig dannelsesreise. I år reiser dei saman med elevar frå Valle og Bykle.

Demokrati og menneskerettane blir framleis utfordra og brotne i verda rundt oss, det ser vi mellom anna på Gaza. Vi ser det også i Ukraina, der sivilsamfunnet blir bomba i Russlands angrepskrig.

Vi må verne om menneskerettane, lære om dei og også hugse på vårt eige ansvar. Det handlar mellom anna om å ha respekt for kvarandre, respekt for ulik tru og ulike oppfatningar. Vi har det godt i Noreg, og vi har det godt i Bygland. Og i mai er vi kan hende på det vakraste. Svala har kome attende til Åraksbø etter ein vinter i Syden. Det er ikkje rart, for venare stad finn ein vel ikkje, om eg skal våge meg på ei subjektiv meining.

Eg vil til slutt takke alle dykk som jobbar i pleie og omsorg i Bygland kommune for den gode tenesta de leverer, kvar einaste dag og natt. Også ei stor takk til dykk i det frivillige som står på for å lage gode møteplassar, aktivitetar og trivsel; det er noko for folk i alle alder i Bygland kommune! Eg ynskjer dykk alle ein god mai-månad.

Mvh Runar Granheim, ordførar i Bygland





OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00 (ikkje 1. og 29. mai)

KOMMUNEHUSET OG NAV ER STENGTE FREDAGENE 2. OG 30. MAI.

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
telefonfider måndag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00 - **STENGT 01. og 29.05. (helligdagar)**
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

EVJE TANNLEGEKLINIKK



Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bbliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025
STENGT TORSDAGANE 1. OG 29.05.

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- måndagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 14.30 - 17.30



**BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD,
STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD**

- måndagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.00





LEDIGE STILLINGAR I BYGLAND KOMMUNE



Bygland Kommune

Undervisingstillingar

Undervisningsstillingar - Oppvekst, Bygland Kommune

Vikariat

Webcruiter-ID: 4918567301

Publisert: 25.04.2025

Søknadsfrist: Snarest



Bygland Kommune

Barne og ungdomsarbeidar

Byglandsfjord Skule og SFO, Bygland Kommune

Vikariat

Webcruiter-ID: 4960165592

Bygland

Publisert: 25.04.2025

Søknadsfrist: 18.05.2025



Bygland Kommune

Sommarjobb for ungdom - Setesdalsmuseet Bygland

Setesdals museet - Sommarjobb for ungdom

Sommerjobb

Webcruiter-ID: 4951009900

Bygland

Publisert: 10.04.2025

Søknadsfrist: 04.05.2025



Bygland Kommune

Helsesykepleier

Helse og omsorg, Bygland Kommune

Vikariat

Webcruiter-ID: 4922988700

Bygland

Publisert: 10.04.2025

Søknadsfrist: 04.05.2025



Bygland Kommune

Vikariat sykepleier

Bygland Kommune

Vikariat

Webcruiter-ID: 4951672503

Bygland

Publisert: 08.04.2025

Søknadsfrist: 04.05.2025

Stillingsutlysingar finn du på Bygland kommune si heimeside, **bygland.kommune.no**
Vi brukar digitale rekrutteringstenester, mest Webcruiter. Du kan kun søke stilling digitalt.



Offentleg søkjarliste til stillinga som kommunedirektør

Søkjarnr.	Namn	Tittel	Alder	Kjønn	Lokasjon
1	Kim Jarle Wroldsen	Koordinator	34	Mann	Solna
2	Mr. Prodromos Zachariadis	G. I. Leader	55	Mann	Stabekk
3	Jimmy Gullmark	Prosjektleder	53	Mann	Bergen
4	Andrea Solland	Executive manager	29	Kvinne	Bykle
5	Kenneth Mørk	Politiker	44	Mann	Mosby
6	Asbjørn Rønning	Prosjektleder- og teknisk sjef	51	Mann	Vennesla
7	Simon Ellingsberg	Kommunalsjef oppvekst	40	Mann	Hægeland
8	Beate Marie Dahl Eide	Konsulent/student	44	Kvinne	Seljord
9	Unntatt offentlegheit	-	-	Mann	
10	Gyro Heia	Moglegheitsutviklar	44	Kvinne	Engesland

POLITISKE MØTE - MAI 2025



- **Rådet for eldre og funksjonsnedsettingar:** 12.05. kl. 12.00
- **Bygland Ungdomsråd:** 12.05. kl. 15.00
- **Plan-, miljø- og ressursutvalet:** 13.05. kl. 09.00
- **Levekårsutvalet:** 14.05. kl. 09.00
- **Formannskapsmøte:** 15.05. kl. 09.00
- **Kommunestyremøte:** 22.05. kl. 09.00
- **Arbeidsmiljøutvalet:** 05.05. kl. 10.00

Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte

Kommunestyremøta blir streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under **Politikk og innsyn** på heimesida vår.

KOMMUNETENESTER

TURISTINFORMASJON I BYGLAND

Stoga A/S har vunnet anbud om turistinformasjonstenesta i Bygland. Anbudet gjeld sommarsesongane i 2025 og 2026, med opsjon på 2027. Stoga held til i tidlegare Glashytta ved Presteneset, Bygland. Dei byr på informasjon og turtipps til turistar, kulturarrangement, snacks og ein god kopp kaffi. Sjå også s. xx

I år har verten Olav Grendstad med seg ungdommane Mari frå Bygland og Nikolas frå Byglandsfjord med ombord. Bygland kommune ønskjer ein fin sommarsesong!



RÅDET FOR ELDERE OG FUNKSJONSHEMMA

Transportteneste for funksjonshemma (TT-kort) - neste søknadsfrist 15.05.

TT-kortet blir brukt som betalingsmiddel i drosje. Kortet er elektronisk og blir brukt som eit vanleg bankkort. Det er personleg og har påført namn og brukarnummer. TT-kortordninga rettar seg mot personar med nedsett funksjonsevne og forflyttingshemma som ikkje kan bruke offentlege transporttenester som buss eller liknande.

Du må fylle ut søknadsskjema for TT-kort og legen din må fylle ut legeerklæring. Du kan søke om TT-kort ved å logge inn med ID-porten i skjemaet på kommunen si heimesida under bygland.kommune.no/tenester/helse-omsorg-og-sosiale-tenester/nedsett-funksjonsevne/.

Du kan søke sjølv eller på vegne av nokon andre.

Er du ikkje digital eller treng hjelp med utfyllinga kan du henvende deg til sentralbordet på kommunehuset måndag - fredag kl. 10.00 -14.00, tlf. 37 93 47 00.



Setesdal trafikkstasjon

Bjøråvegen 3, 4735 Evje

Rådet for eldre og funksjonshemma gjer merksam på at du må bestille time når du skal på ein trafikkstasjon. Du kan ikkje møte opp utan avtale.

Du kan bestille, endr og avbestille ein time i timebestillingstenesta: www.vegvesen.no/om-oss/kontakt-oss/trafikkstasjoner/setesdal/

Skal du endra eller avbestilla, må du oppgi eit referansenummer. Referansenummeret fekk du då du bestilte timen.



NYTT FRÅ EINGANE

>>> ØKONOMI

Endring i faktureringsrutinar

Frå og med april 2025 vil kommunale gebyr bli fakturert månadleg i staden for kvartalsvis/årleg.

Det blir ingen endringar for dei som allereie har månadleg fakturering.

Dersom ein ikkje ønskjer månadleg faktura vil årleg faktura framleis vera eit alternativ. Ein kan då sende ein e-post til: post@bygland.kommune.no så vil dette bli endra.

Totalt årleg beløp under kr. 3000,- inkl. mva vil automatisk bli fakturert årleg.





NYTT FRÅ EININGANE

>>> SAMFUNN



Negativ trend på bestandsutvikling for elg

Av 76 felte elg under elgjakta i Bygland var det 15 kalv, 31 ungdyr (1,5 år gamle), 14 kyr og 16 eldre oksar.

Gjennomsnittsvekta på felte kalv var 42 kg og for ungdyr var den 102 kg. Dette er den lågaste målte gjennomsnittsvekta for ungdyr i Bygland nokon gong, og for kalvar er det berre slått av 2023. Meir om bestandsutvikling på elg og hjort kan ein lese i rapporten, Elg og hjort i Agder 2025, som ein finn på heimesida til Faun Naturforvaltning.

<https://fnat.no/uploads/tBX5t6vD/FaunrapportR003-2025ElgoghjortiAgder2025.pdf>

Stønad til bygging av badstoger i Bygland kommune - UTSETT FRIST til 01.08.

Sjå meir på Bygland kommune si heimeside.

>>> HELSE OG OMSORG

Byglandsheimen - program mai 2025

Ansvarleg: Kenneth Fyhn, Trivselskoordinator, tlf. 90 22 55 03



Tirsdag	6/5	14:00	Andakt med Kjell Steinbru
Onsdag	7/5	11:00	Open dag; konsert med Øyvind Jacob
Torsdag	8/5	14:00	Besøksven – Aktivitetsleiker og Høgtlesning
Onsdag	14/5	11:00	Open dag blir flytta til torsdag 15/5
Torsdag	15/5	11:00	Open dag – Seniorshop kommer og stiller ut klær, alle er hjarteleg velkomne
Tirsdag	20/5	14:00	Andakt med Knut Gakkestad
Onsdag	21/5	11:00	Open dag – Frigjøringsjubileet forestilling med Kilden
Tirsdag	22/5	14:00	KVS kommer og forteller om Lokal Historie
Onsdag	28/5	11:00	Open dag; kl. 13:30 konsert med Leif Inge Thormodsæter

Fagdag for Helse og omsorg

2. og 7. april hadde mange av dei tilsette i Helse- og omsorg fagdag. Dei fikk oppfrisking av kunnskapar innan hjarte- og lungeberging, tannpleie, hygieneproduktar og bruk av fagsystema som brukast.

Det var god innsats, god stemning og fint å sjå kollegaene i vanlege klær og ikkje uniform. Vi sjår fram til haustens fagdagar.

Foto:

Helse og omsorg,
Bygland kommune



**>>> KULTUR OG LEVEKÅR****Dytt -konkurranse i Bygland: Takk for turen!**

Etter 80 dagar på tur jorda rundt har vi no kome i mål! Vi starta opp 1.februar, og då var vi spente på om vi kom til å klare målet om å gå jorda rundt på 100 dagar. Det trengte vi ikkje bekymre oss for! Folk i Bygland heiv seg med, og det gjekk unna! Utrulege 40 000 km på 30 dagar, med stopp mellom anna i Berlin, Sydney, Rio De Janeiro og York.

Og vi ga oss ikkje så fort. Vi gjekk vidare, denne gongen over Sydpolen og Nordpolen med mål om å gå 100 millionar skritt. Det har vi klart. 180 deltakarar har gått til saman 109 000 000 skritt og 82 209 km. Det er utruleg imponerende.

I tillegg syner statistikken til Dytt.no at 337 har ringt nokon dei ikkje har tala med på lenge, og 662 gonger har nokon invitert på kaffi. Dette kan ha vel så høg påverknad på folkehelsa som at det har blitt registrert 3 332 sunne frokostar.

967 turar har blitt utført saman med andre. Vi håper desse turane fortset også etter kampanjen ettersom vi veit at sosial støtte og avtalar fører til at ein har større sjansar for å gjennomføre aktivitetar.

Dytt har trukke tre vinnarar på gavekort på Intersport på 5 og 2 tusen. Desse er: Astrid Carlsen -5000 kroner. Anne Elisabeth Ekholdt Terjesen- 5000 kroner. Trine Oma -2000 kroner. Vi gratulerer vinnarane, og alle deltakarar med vel gjennomført reise!

Tusen takk for at de var så sporty og deltok- alle bidrag har vore viktige for å kome i mål. I løpet av desse 80 dagane har vi alle tatt val som er med på å gi betre helse. Det må vi fortsetje med.



Bilde: Bygland kommune

Kilden teater: Den standhafte tinnsoldaten - 21.05.

Vi får to besøk av Kilden den 21.mai; ei førestilling for barnehagen om den standhaftige tinnsoldaten av H. C. Andersen. Kilden markerer at det i år er 150 år sidan H.C.Andersen døydde.

Kilden teater: Fra en annen virkelighet - 21.05.

Kommunen ønsker å markere at det i 2025 er 80 år sidan Noreg vart frigjort frå Nazi-Tyskland. Vi markerer dette bl.a ved å invitere Kilden til å ha ei førestilling på Byglandsheimen.

Førestillinga «Fra en annen virkelighet» er eit dikt- og sangprogram der ein tar for seg tematikken

Frigjeringa av Noreg. Det vil bli mykje musikk og gjenkjennelege tekstar.

Medvirkande er Håkon Moe (skuespillar/musikar), Ann Ingrid Fuglestveit (skuespillar), Ulla Marie Broch (skuespillar) og Henriette Lindstad Børven (musikar).

Førestillinga er 21.05 kl. 11:00 og er open for alle.





FRIGJERINGS DAGEN OG GRUNNLOVSDAGEN

FRIGJERINGS DAG

PROGRAM 8. MAI-MARKERING BYGLAND SKULE

Toget stiller opp ved skulen kl. 09:45 og går
til Knutsbakk

Ordførar Runar Granheim ønsker velkommen
og introduserer dei to 10.klassingane som
skal halde tale

Tale v/ Torjus Haugen og Selma Jacob
Granheim

Eitt minutt stillheit

Alle syng første vers av «Ja vi elsker»
Elevane går natursti, i regi av elevrådet,
tilbake til skulen



17.MAI-FEIRING, BYGLAND KOMMUNE



08.00: Skramletog.

Bygland: oppmøte ved Tappen (bil).

**Byglandsfjord: oppmøte ved Arilds Motorsenter (til
fots, sykkel, sparkesykkel).**

11.00: Gudsteneste i Bygland kyrkje.

11.45: Kransenedlegging ved Knutsbakk.

10.klasse held tale.

12.00: Folketog frå Knutsbakk til Byglandsheimen.

Korpset spelar. Tale ved Torhild Austad.

Tog tilbake til Bygland skule.

13.00: Matsal, natursti og leikar startar.

14.00: Tale for dagen ved Runar Granheim.

Utdeling av Kulturprisen.

**Underhaldning frå Austad Leikarring og
Kulturskulen.**

**Avslutning: Tautrekkingskonkurranse og
premieutdeling**

Gratulerer med dagen!



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Bygland frivilligsentral og BUA Bygland

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagskafé: måndagar i oddetallsveker kl. 12 -14 (5/5. Bålkaffi ved stranda!; 19/5)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetallsveker, kl. 16 – 17.30 (bestill MÅN innan kl. 12)
 - 06.05: ertesuppe med brød, Kristin og Karin, tlf. 47 75 71 09.
- Bingo: tysdagar i partallsveker, kl. 18 – 20 (13. + 27.05.)
- Strikkekafé: til vanleg 1.+3. torsdag/månad kl. 18 – 20 (i mai: 08. og 22.05.)
- Kreativ verkstad: for 5.-7. kl. onsdagar kl. 15 - 17

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening: kvar torsdag kl. 13 – 14.30 (ikkje 01. og 29.05.)
- Teppebowls: tidleg sommarpause fram til hausten

Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11 – 14 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (12.05. sesongavslutning med grilling)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.30, Nesmoen 3, Bygland

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- mån: 18-21, alle trinn (Klubblokale på Bygland)
- tors: 18-21, 8. kl.-VGS (Klubblokale på Bygland)

Fredagsklubb i Årdalshallen: 09.05. kl. 18-21, 5.-7. klasse

BUA-dag på stranda, Bygland: 26.05. kl. 18-21, alle trinn

Følg med på Bygland ungdomsklubb si Facebook-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Gåvedryss til BUA og Frivilligsentralen

Av og til er ting for godt til å vere sant....men ikkje denne gonga!

Totalt omkring 700 000 til BUA og Frivilligsentralen!!

BUA og Frivilligsentralen har vore fantastisk heldige den siste veka. For ikkje mindre enn tre ulike aktørar har vald å stø opp om vårt arbeid!!!

Først ut var Agder Fylkeskommune, dei gav ikkje mindre enn 150 000 kr! Pengane skal gå til barne aktivitetane i Frivilligsentralen. Dene eine kallar me KREATIV, og er ein klubb der barn får utfolde sine kreative evner innan måling, teikning, forming og teater.

Mekkeklubben er ein samlestad for born og unge som likar å skru og mekke på motorar. Alt under kyndig leiar av frivillige. Ikkje minst fekk me støtte her til ein BUA hengar. Hengaren skal vere fylt med gøy utstyr, og er tenkt plassert på Byglandsfjord. Målet er at den skal verte sjølvbetent gjennom BUA systemet.

Tilskotet frå Agder fylkeskommune var svært raust, men likevel måtte me ha noko meir finansiering på plass. Då var det flott at Barne-ungdom og familiedirektoratet løyvde oss 96 000 i år, til same hengaren. Her fekk me også midlar til ferie og fritidsaktivitetar, slik som BUA turen vår til Brokke. Me fekk også midlar for to år til, faktisk heile 82 000 kr. i 2026, og 67 000 kr. i 2027! Totalt løyver dei oss 245 000 på desse tre åra! Dette er me svært taknemlege for.

Som om ikkje det var nok, kom det i dag melding frå Gjensidigestiftelsen. Heile 299 700 kr vil dei gje oss!!!! Desse midlane skal også gå til den same hengaren, men også til eit prosjekt kalla «ungdom i sommarjobb i BUA». Me skal tilsetje 5 ungdom denne sommaren. Deira oppgåve skal vere å bemanne BUA, OG å tilby aktivitetar på Bygland og Byglandsfjord på dagtid i sommarferien!! Til det kan dei ta i bruk hengaren, og alt utstyret me har der. Me vil også tilby noko mat, og vil ha som mål at alle kjem heim med meistringsfølelse og glede etter ein dag med BUA Bygland. Tilbodet vert for barn og ungdom i skulealder og opptil om lag 18 år, og er heilt gratis å deltake på. Dette vil føregå i vekane 26, 27, 28 og kanskje 29. Så alle foreldre som lurar på kva borna skal gjere på mens dei er på jobb, her har ein moglegheit som me håper vert bruka.

Hengaren håper me kjem på plass før sommarferien. Utover sommaren håpar me at det er fleire på Byglandsfjord som kan hjelpe oss frivillig, med å halde hengaren «vedlike», mtp rydding, sjå etter utstyr osv. Er du den som vil bidra i eit fantastisk prosjekt som er stadig i vekst og utvikling så ta kontakt med dagleg leiar på tlf: 945 10 770. Du vert ein del av eit triveleg team, der me får bidra med noko positivt og viktig til dine medmenneske.

Ein stor takk rettast til: **Agder Fylkeskommune, BUFDIR, og Gjensidigestiftelsen.**





BYGLAND
FRIVILLIGSENTRAL
OG BUA BYGLAND



FRILUFTSLIVETS ÅR - MAI

Måndag 05.05, kl. 12.00 - 14.00: Bålkaffi ved Bygland frivilligsentral -Svein Kleivane underhold med gode historier.

Torsdag 22.05, kl.

17.00 - 19.00: Tur til dagsturhytta ved utsikten i Grendi.

OOppmøte ved Årdal kyrkje, Grendi. Aktivitet ved hytta. Preniering. Enkel servering.

Tysdag 27.05:

Ordførarens tur: Kultur i naturen. Til Flyvraket med guide

Me set opp gratis buss frå Byglandsfjord via Bygland til start av turløypa.

Meir informasjon følgjar på Bygland frivilligsentral si Facebooksida.

FRIVILLIG SENTRAL

BÅLKAFFI

ME KOKAR KAFFI PÅ BÅL OG
SERVERAR LAPPAR

Svein Kleivane underhold med gode historier

**BYGLAND
FRIVILLIGSENTRAL**

Måndag 05.05
Klokka 12-14
Ved dårleg ver er
me inne på
sentralen

**OPENT FOR
ALLE
KLE DEG GODT**

Sommarjobb på BUA Bygland

I sommar skal det vere 5 ungdom i BUA som skal halde open BUA, samt halde ulike aktiviteter for barn og ungdom på dagtid på Bygland og Byglandsfjord i vekane 26, 27, 28 og kanskje 29.

Friluftsskulen 2025

Midt-Agder friluftsråd inviterer alle 5.-7. klassingane til ny friluftsskule på Bygland, veke 33 (måndag 11. - onsdag 13. august)

For informasjon og påmelding: www.midt-agderfriluft.no/naturskole/friluftsskolen





BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

bygland.kyrkje.no og på Facebook

Kontakt

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



GUDSTENESTER

- **sundag, 04.05., kl. 12.00, Bygland kyrkje:**
Samtalegudsteneste med konfirmantene
- **laurdag 17. mai, kl. 11.00, Bygland kyrkje** 
- **sundag 25.05., kl. 11.00 Sandnes kyrkje, Åraksbø**



KONFIRMASJONGUDSTENESTE

laurdag 31.05.

- kl. 11.00, Bygland kyrkje - kl. 13.00 Årdal kyrkje

ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

- **tysdag, 06. og 20.05. kl. 14.00**

SOKNERÅDSMØTE

- **tysdag 20.05. kl 19.00 i kyrkjestoga, Bygland**

Dugnadar på kyrkjegardane i Bygland våren 2025

- Sandnes kyrkje, Åraksbø: onsdag 7. mai kl. 18.00
- Austad gamle kyrkjegard: torsdag 8. mai kl. 18.00
- Årdal kyrkje, Grendi: fredag 9. mai kl. 18.00
- Austad kyrkje, Tveit: laurdag 10. mai kl. 10.00
- Bygland kyrkje: tysdag 13. mai kl. 18.00
- Sandnes kapell: tysdag 13. mai kl. 18.00



YMSE >>> STOGA OG BYGLAND TURISTKONTOR

STOGA kulturkafe og BYGLAND TURISTKONTOR

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 907 81 105;

på FB: facebook.com/StogaAS

- kvar fredag og sundag kl. 13:00 - 20:00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og turar, info om bomvegar
- fiske og fiskekort i Bygland (sjå også s. 15)
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker





»»» TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING - MAI 2025

- Matavfall og restavfall: veke 18: fredag 02.05.
- Papir og plast: veke 20: tysdag 13.05.
- Matavfall og glass/metall: veke 20: torsdag 15.05.



GJENVINNINGSTASJONER

- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (14.05.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (24.05.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert husholdningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (10.05.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 901 94 724

KINO PÅ BYGLAND - MAI

»»» BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Kiosk: Framsteg 4H

ONSDAG 21. MAI

KL. 17.30: KAYARA - PÅ EVENTYR I INKARIKET

6 år. 110 kr. Familiefilm, barnefilm, animasjon

KL. 19.30: MISSION: IMPOSSIBLE -

THE FINAL RECKONING PREMIERE!

Tillatt for alle. 130 kr. Action

Kayara - På eventyr i Inkariet
6 år • 110 Kr
Familiefilm, Eventyr, Barnefilm, Animasjon
17:30

Mission: Impossible - The Final Reckoning
PREMIERE!
• 130 Kr
Action
om

»»» BYGLAND FILMKLUBB

BYGLAND FILMKLUBB

SØNDAG 18.05 KL. 19:00: BØRNING (2014)

Aldersgrense: TILLATT FOR ALLE

NORGES THE FAST AND THE FURIOUS



BJØREN BRYGGE
MAI
6. Cars & Coffee
10. Våren kommer nå 2.0
konsert 20-22
17. Åpent 12-21
24. Gourmè Aften
30. Musikk Quiz
31. Konfirmasjon

info, sjå Facebook

»»» BJØREN BRYGGE

Kafé, ølhage, live musikk

Adresse: Presteneset 12,
4745 Bygland

Kontakt: Nina Bygland,
tlf. 932 62 168;

på FB: bjorenbrygge
Rett ved Byglandsfjorden!

CARS, BIKES & COFFEE
SETESDAL

**AMK Setesdal inviterer til
Cars, Bikes & Coffee på
Bjoren Brygge, Bygland**

Tirsdag 6.mai, Kl. 18 - 21



YMSE

**Folkemøte om vindkraft**

Tid: **8.mai kl. 18:30** Stad: **Bygland kulturscene**

Kommunepolitikerne og andre ønsker kunnskap om konsekvenser av vindkraftutbygging i uerstattelig natur. Tema for møtet er naturtap, samfunnsvirkninger og folkehelse.

Arrangører: Nei til vindkraft i Setesdal, Motvind Sørvest, i samarbeid med Naturvernforbundet i Setesdal og Agder

Turstoga på Stoga kulturkafé og turistinformasjon

Tid: **21. mai kl. 18.30** - Foredrag: Stikk UT - Monica Roland, Midt-Agder Friluftsråd, og om den gamle heiegarden Vestre Kile - Knut G. Austad, guide til planlagt tur

Bygland skytterlag: Rifleskyting

Tid: **8.mai kl. 18:00**

Stad: **Bygland skytebane ved Nesmoen. ved R9, sør av Åraskrysset**

Bygland Jeger og fiskarlag: Leirdueskyting

Tid og stad: **onsdagar kl. 18.00 på leirduebane**

KONG HANES EFTF.

Blanda kor på Bygland. Øving onsdagar kl. 19.00 - 21.00; musikkrom på Bygland skule

BYGLANDSFJORD BARNEKOR

Øving måndagar i oddetalsvekane kl. 17.00 - 18.00; Fredheim bedehus, Byglandsfjord

BYGLAND LEIKARRING

Øving måndagar kl. 16.30 - 17.15; Bygland kulturscene

Leikarring med **Maija Lindaas frå UNESCO Setesdal.**

**BYGLAND HORN MUSIKK****BYGLAND HORN MUSIKK SPELAR PÅ 17. MAI!**

Noregs lengste korps! Øving tysdagar kl. 18.00 - 20.30; Bygland kulturscene

Folkemusikk i Setesdal v/ Maija Lindaas inviterer

Alle barn i Bykle og **Bygland** er inviterte til Valle leikarring sine kurs i folkemusikk og dans under den nye festivalen Hylstringen! (sjå: www.hylstringen.no)

Fredag 23. mai kl. 17.00-19.00: munnharpe og gangar

Laurdag 24. mai kl. 10.00-12.00: hallingdans

Stad: Sølv garden hotell i samband med den nye festivalen.

MOTOR OG VATN • MAT OG HANDEL • DANS OG SPETALJAR

Hylstringen
2025

23. - 25. MAI
RYSSTAD I SETESDAL


REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 69

- **Ansvarleg redaktør:** Aslak Jørundland Brekke
- **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt
- **Bilete:** Framside: 17. mai 2023 tog til Byglandsheimen/S. Hegenscheidt; Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, pixabay.com, S. Hegenscheidt, Olav Grendstad, Nina Bygland; Kva skjer: xx / xx
- **Arkiv:** bygland.kommune.no/byglandsnytt

GOD 17. MAI!

Byglandsnytt juni 2025: 03.06.2025, skrivefrist 28.05.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt





KVA SKJER I BYGLAND MAI 2025

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)

GOD 17. MAI!



Tautrekking på 17.mai-fest - Foto: S. Hegenscheidt

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
sundag 04.05.	Bygland kyrkje	kl. 18	Samtalegudsteneste med konfirmantene
måndag 05.05.	Bygland frivilligsentral	kl. 12-14	Bålkaffi med Svein Kleivane
tysdag 06.05	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
tysdag 06.05.	Bygland frivilligsentral (Påmelding: tlf. 47757109, innan 05.05. kl. 12)	kl. 16 - 17.30	Bygdemiddag: Ertesuppe
torsdag 08.05.	Bygland skule, Knutsbakk	kl. 9.45	Markering Frigjeringsdagen (s. 9)
torsdag 08.05.	Lag og foreiningar innom naturvern; Bygland kulturscene	kl. 18.30	Folkemøte om vindkraft
torsdag 17.05.	17. mai på Bygland, ymse plasser	frå kl. 8.00	Grunnlovsdagen (s. 9)
sundag 18.05.	Bygland filmklubb, kulturscene	kl. 19	Film: Børning (15 år)
onsdag 21.05.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	kl. 17.30	Film 1: Kayara - Eventyr i Inkariket (6år)
onsdag 21.05.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	kl. 19.30	Film 2: Mission: Impossible!
sundag 25.05.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 12	Gudsteneste
tysdag 27.05.	Bygland frivilligsentral; Flyvraket	følg med på FB	Ordførarens tur til flyvraket